



Sveio kommune

# FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I SVEIO KOMMUNE



Ordensreglementet er heimla i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) §§ 9A-10 og 9A-11.

### **§ 1 Føremål**

Ordensreglementet skal gi klare og føreseielege reglar i skulekvardagen, og bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Klare rammer medverkar til å fremja respekt og toleranse, tryggleik, trivnad og eit godt læringsmiljø.

Ordensreglementet skal medverka til like reglar, tiltak og sanksjonar for elevane, uansett kva skule i kommunen dei er elev ved.

Reglementet skal ta vare på elevane sine rettar og plikter, så lenge dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte.

### **§ 2 Verkeområde**

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular i Sveio kommune. SFO og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida, og vert derfor ikkje omfatta av skulen sitt ordensreglement.

Ordensreglementet gjeld i skuletida, det vil seia både timar, friminutt, og aktivitetar som skuleturar, leirskule og ulike arrangement i regi av skulen. Det gjeld også på skulevegen. Ordensreglementet omfattar både det som skjer i det faktiske og det digitale rommet.

Hendingar utanfor skuletida som får direkte innverknad på skulekvardagen, kan omfattast av ordensreglementet.

### **§ 3 Eleven sine rettar og plikter**

Eleven sine rettar og plikter er også fastsett i lov og anna regelverk. Eleven har rett til å bli behandla med respekt og omtanke, og må sjølv behandla medelevar og vaksne med respekt og omtanke.

### **§ 4 Reglar for orden**

Alle elevar skal

- møta presis på skulen og til undervisninga
- ha med seg og ha orden i bøker og utstyr som er naudsynte for undervisninga
- gjera arbeid ein vert pålagd så godt ein kan og til rett tid. Unntak frå denne regelen gjeld berre dersom du har melding med deg frå foreldre/føresette.
- følgja skulen sine reglar om melding og dokumentasjon ved fråvær
- retta seg etter beskjedar frå dei tilsette ved skulen
- ikkje forlata skuleområdet utan løyve
- halda god orden og ta vare på skuleområdet og skulen sine eigedelar

## **§ 5 Reglar for åtferd**

Eleven skal:

- vera hyggeleg og høfleg mot medelevar, tilsette og andre dei møter i skuletida.
- alltid retta seg etter beskjedar frå dei vaksne i skulemiljøet.
- vera roleg i timane
- vera på skulen og delta i undervisninga heile skuledagen
- visa respekt for skulen og andre sine egedelar

Eleven skal ikkje:

- mobba eller på andre måtar krenka andre fysisk, verbalt eller digitalt
- misbruka skulen sine digitale verktøy
- banna eller bruka anna grovt språk
- vera valdeleg eller komma med truslar
- røyka, snusa eller vera påverka av rusmidler
- ha med farlege gjenstander eller våpen på skulen sitt område
- fuska på prøvar eller innleveringar
- bruka eigen mobiltelefon eller anna privat digitalt verktøy som kan kommunisera eller takast bilde med. Dersom eleven har med slikt utstyr, skal det ligga avslått i sekken.

## **§ 6 Vurdering i orden og åtferd**

Grunnlaget for vurdering i orden er om eleven opptrer i samsvar med § 4 i ordensreglementet.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er om eleven opptrer i samsvar med § 5 i ordensreglementet.

Ved vurdering i orden og åtferd gjeld §§ 3-1, 3-2, 3-5, 3-6 og 3-7 i forskrift til opplæringslova.

## **§ 7 Sanksjonar:**

- a) korreks/tilsnakk av lærar/sosiallærer/inspektør/rektor
- b) kontakta foreldre (telefon, skriftleg)
- c) merknad
- d) midlertidig inndraging av gjenstander
- e) avgrensa bruk og tilgang til skulen sine digitale verktøy
- f) endra friminutt mtp tidspunkt, opphaldsstad og lengd, evt eige tilsyn av vaksen
- g) sitja att/møta tidleg
- h) utbetring av skader
- i) økonomisk erstatningsansvar jf skadeserstatningsloven kap. 1 §§ 1-1 og 1-2

- j) bortvisa elev for enkelttimar eller for resten av skuledagen, jf oppl.l. § 9A-11 første ledd
- k) bortvisa elev på 8. – 10. trinn i inntil 3 dagar dersom vedkommande alvorleg eller fleire gonger bryt ordensreglementet, jf oppl.l. § 9A-11 første ledd
- l) nedsett karakter i orden og åtferd
- m) flytta elev til annan skule i særlege tilfelle og der omsynet til dei andre elevane tilseier det, jf oppl.l. § 8-1 fjerde ledd
- n) anmelding, etterforskning
- o) bruk av fysisk makt ved nødverge, jf straffeloven §§ 17 og 18

Nødverge gjeld heilt spesielle og akutte situasjonar kor det er fare for at eleven kan skada seg sjølv eller andre, og det ikkje kan avverkast på annan rimeleg måte. Det kan då vera naudsynt å stoppa eleven ved å skilja eleven frå resten av gruppa eller ved å plassera eleven i eit eige rom for ein kort periode. Eleven skal ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak vert iverksett, skal ein straks melde frå til rektor og eleven sine foreldre/føresette. Rektor må føra årsaka til og opplysningane om tiltaket inn i eleven si elevmappe.

#### **§ 8 Framgangsmåte ved bruk av sanksjonar etter § 7:**

- a) Rektor tek avgjerda om bruk av sanksjonar. Tilsette på skulen tek avgjerder innanfor den mynden rektor har delegert. Avgjerdsle om bortvising må takast av rektor sjølv, jf oppl.l. § 9A-11 tredje ledd. Rektor kan delegera mynde til lærar om å ta avgjerdsle om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til 2 klokketimar, jf oppl.l. § 9A-11 tredje ledd. Ved bortvising frå eiga undervisning, skal eleven ha tilsyn.
- b) Eleven har alltid rett til å uttala seg til den som tek avgjerda før det vert bestemt at det skal brukast sanksjonar, jf oppl.l. § 9A-10 tredje ledd.
- c) Når det ved alvorlege brot på reglane vert brukt sanksjonar som nemnd i § 7 j, k og m skal ein følgja sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningsloven. Det er ikkje krav til enkeltvedtak når lærar bortviser frå eiga undervisning, som i § 8 a.
- d) Bortvising kan berre brukast når eleven bryt reglementet alvorleg eller fleire gonger. Før bortvising skal ein ha vurdert å bruka andre hjelpe- eller refsingstiltak, jf oppl.l. § 9A-11 fjerde ledd. Ved bortvising ut dagen av elevar på 1.-7. årstrinn, skal foreldra varslast før iverksetjing.

#### **§ 9 Straffbare forhold**

Straffbare forhold skal som hovudregel meldast til politiet.

## **§ 10 Iverksetjing**

Ordensreglementet gjeld frå 01.06.2017

Ved endring i lovverk knytt opp mot ordensreglementet, har rådmannen delegert mynde til å oppdatera ordensreglementet i samsvar med lovendringane.

---

Vedteke av kommunestyret i Sveio kommune 19.06.2017.

Endra lovheimlar 26.06.2017 på grunn av at ordensreglementet og vedtak om bortvising vart flytta frå opplæringslova §§ 2-9 og 2-10 til §§ 9A-10 og 9A-11 i samband med ny § 9A om skolemiljø.